



Fløysand VA as
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/365 - 15/10317

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
27.05.2015

Godkjenning - gråvassutslepp frå ein fritidsbustad på Eikeland, gbnr 42/108

Administrativt vedtak. Saknr: 177/2015

Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 30.03.2015, frå Fløysand VA v/Terje Fløysand, etter fullmakt frå tiltakshavar, dagsett 09.02.2015, søkt om eit gråvassutslepp frå ein fritidsbustad på Eikeland, gbnr 42/108. Det skal ikkje installerast vassklosett. Gråvatnet skal gå via ein 1m³ slamavskiljar før avlaupet vert ført til sandfiltergrøft og vidare til terreng. Det er også søkt om tilkopling til kommunalt vassverk via privat stikkledning. Denne søknaden vert handsama etter at søknad om den felles private stikkledningen er handsama.

Det skal ikkje installerast vassklosett.

Utsleppet er ikkje nabovarsla særskildt, men det vart sendt ut nabovarsel i samband med legging av den private felles stikkledningen for vatn. I tillegg ligg det føre avtale/erklæringar. Administrasjonen vurderer at dette er tilstrekkelig varsling av naboeigedomar. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkelig etter Pbl § 21-3.

Vurdering:

Utsleppsordninga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp når fritidsbustaden ikkje skal ha vassklosett. Skal det installerast vassklosett i fritidsbustaden seinare må det søkjast om nytt uttsleppsløyve.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» § 12-5, utsleppsløyve for gråvatn for ein fritidsbustad på gbnr 42/108 i samsvar med søknad motteke 30.03.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via 1 m³ slamavskiljar av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast til sandfiltergrøft og vidare til terreng.

3. Eigar av anlegget er ansvarleg for utsleppet i medhald av forureingslova.
4. Anlegget må plasserast slik at det kan tømme med slamsugebil innanfor vilkåra for den kommunale slamtømmeordninga.
5. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Det vert gjeve ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Birgit og Emil Leinebø

Vardevveien 101b 5141

FYLLINGSDALEN

Mottakere:

Fløysand VA as

Fløksand

5918

FREKHAUG